

Flotte eksamensresultat på grunnskuleeksamen.

22.06.2017



Mohambi, Abdirisaq og Ayaanle har verkeleg grunn til å vera stolte over den flott innsatsen dei har gjort på skulen.

I tillegg til alle 10.klasseelevarne har 3 elevar som går på Vaksenopplæringa teke grunnskuleeksamen no i vår. To av dei bur i Uskedalen. Det er Mohambi som bur i Beinavikjo og Abdirisaq som bur saman med familien sin i Myro. Tredjemann er Ayaanle frå Herøysundet. Alle var strålende fornøgde då dei fekk resultata. Særleg hadde Mohambi grunn til å jubla etter toppkarakter på munnleg eksamen i samfunnssfag.

Dei tre har fått undervisninga si på Vaksenopplæringa på Husnes, men både skriftlege og munnleg eksamen vart avvikla saman med Husnes ungdomsskule. Dei tre elevane har gjennomgått grunnskulepensum på to år. Dei har altså tatt 10 år på 2 år. Ja, det vil seia at Mohambi brukte berre 1,5 år, for han kom først til Kvinnherad og Uskedalen like før jul i 2015 etter å ha budd på mottak i 2 år. Det har vore knallhard jobbing, og lite fritid, då dei skulle gjennom grunnskulepensum i matematikk, engelsk, norsk, naturfag og samfunnssfag på så kort tid samtidig som dei skulle læra seg å beherska det norske språket.

No er alle tre strålende fornøgde etter at dei har fått både standpunkt-karakterane og eksamens-karakterane. Dei hadde eksamen både skriftleg og munnleg saman med elevane frå Husnes ungdomsskule. I skriftleg var to oppe i norsk(2 dagar) og ein hadde matematikk eksamen, medan dei var oppe i norsk og samfunnssfag i munnleg. Alle fekk resultat dei kan vera stolte av, og det heile vart toppa av Mohambi som fekk toppkarakteren 6 i samfunnssfag munnleg.

Til hausten startar dei tre kvinnheringane som opphavelig er frå Somalia, på vidaregåande skule. Mohambi og Abdirisaq ønskjer framleis å bu i Uskedalen og håpar at det vert på Husnes. Yngstemann Ayaanle kan tenkja seg å reisa ut. Han har søkt plass på studiespesialiserande linje både i Bergen, på Stord og i Odda.

I tillegg til grunnskuleeksamen har 26 elevar ved vaksenopplæringa teke norskprøven med gode resultat no i mai. På den skriftlege prøven som føregår på nett, vert dei prøvd i 3 deler, lyttesforståing, leseforståing og skriftleg framstilling. I tillegg er det munnleg eksamen. Det vert avvikla prøver i november og i mai slik at elevane skal kunna gjennomføra den når det er ferdige med norsktimene dei får tildelt.

Til saman har det vore godt over 100 elevar ved vaksenopplæringa siste skuleåret.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland